



HAREID KOMMUNE

HANDLINGSPROGRAM FOR HAREID KOMMUNE 2021-2024

Vedlegg 1:

Vedtak / innstilling / tilråding

Kommunestyret sitt vedtak

1. Kommunestyret vedtek desse avgiftene, betalingssatsane og gebyra for 2021:

a) Kommunestyret vedtek avgifter, betalingssatsar og gebyr for sektor for læring og kultur slik det går fram av kapittel 1 i det vedlagte gebyrheftet med følgande endring:

Gebysatsar 1.3 Leige for skulebygg 2021:

BRANDAL SKULE GYMSALEN, Pris pr gong/time

Frivillege m/innt.gjevande arr: 254 kr

Brandal friskule 254 kr

Næringsliv: 489 kr

Private arr.:1 591 kr

b) Kommunestyret vedtek hamneregulativet slik det går fram av kapittel 2.1 i det vedlagte gebyrheftet.

c) Kommunestyret vedtek gebyrregulativet for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk slik det går fram av kapittel 2.2 i det vedlagte gebyrheftet.

d) Kommunestyret vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03, gebysatsar for vatn slik det går fram av kapittel 2.3 i det vedlagte gebyrheftet.

e) Kommunestyret vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03 gebysatsar for avløp slik det går fram av kapittel 2.4 i det vedlagte gebyrheftet.

f) Kommunestyret vedtek med heimel i § 28 i Lov om brann- og eksplosjonsvern gebysatsar for feiing og tilsyn slik det går fram av kapittel 2.5 i det vedlagte gebyrheftet.

g) Kommunestyret vedtek med heimel i matrikkellova (lovens §32, forskriftene §16) gebysatsar som opplista i kapittel 2.6 i det vedlagte gebyrheftet (§5.1-§5.10). Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje leggest til meirverdiavgift med unntak av arbeid etter § 5.8.

h) Kommunestyret vedtek satsar for saksbehandling etter plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner slik det går fram av kapittel 2.7 i det vedlagte gebyrheftet.

i) Kommunestyret vedtek gebyrregulativ etter forureiningslova mm slik det går fram av kapittel 2.8 i det vedlagte gebyrheftet.

j) Kommunestyret vedtek at gebyret for å feste grav på Hareid kyrkjegard skal vere 200 kroner årleg.

k) Kommunestyret vedtek betalingssatsane for sektor for velferd slik det går fram av kapittel 3 i det vedlagte gebyrheftet.

2. Kommunestyret vedtek Økonomi- og handlingsprogram 2021 - 2024 slik det ligg føre med saksvedlegg med følgande endringar og tillegg.

3. Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar innanfor sektorane sine

rammer etter tilråding frå kommunedirektør. Omdisponeringar mellom sektorane må som før gjerast i Kommunestyret i form av budsjettrevisjon.

4. Kommunedirektøren sine forslag til innsparingstiltak må konsekvensutgreiast og risikovurderast. Det må gjennomførast ei konkret berekning av den økonomiske effekten av tiltaka.

5. Det er mange usikre faktorar i det framlagde budsjettet og handlingsplanen. Rammene for driftsbudsjettet må overhaldast i 2021. Dersom inntektssida sviktar/endrar seg, må det gjerast tiltak som justerer drifta i samsvar med desse.

6. Dersom det likevel vert overskridingar i 2021 er konsekvensane svært store. Kommunedirektøren må då legge fram nye tiltak for å halde dei økonomiske rammene. Formannskapet må jamleg haldast oppdatert.

7. kr 25.000 ekstra til Vonheim finansiert med tilsvarende reduksjon på Samfunn.

8. Kr 5 mill. i 2021 og kr 5 mill. i 2022 til vatn og avløp til Nettet. Sjølvkost og ikkje påverknad på drift.

9. Det vert gjennomført ei oppgradering/investering på Bigset skule innanfor ein av vedlikehaldspakkane. Formannskapet skal bli løpande orientert om slike omdisponeringar blir gjort.

10. Dei vedtekne investeringsrammene er relativt grove berekningar og mindreforbruk på eit prosjekt kan nyttast til små overskridingar på andre prosjekt. Betydeleg mindreforbruk skal føre til mindre låneopptak.

11. Kommunen engasjerer seg i «Jørgenplassen» på Hjørungavåg når formalitetane er på plass. Ingen budsjettverknad i 2021.

12. Forhandling om grunnkjøp og evt seinare regulering ved skulen på Hjørungavåg. Ingen budsjettverknad for 2021.

13. Kommunen har kjøpt grunn på Plassane i Hareid. Forhandlar om vidare grunnkjøp. Ingen budsjettverknad for 2021.

14. Kommunen vurderer kva ein kan få til av tomter på Bigset. Ingen budsjettverknad for 2021

15. Kommunen vurderer kva ein kan få til av tomter på Brandal. Ingen budsjettverknad for 2021.

16. Vi vil styrke arbeidet vårt knytt til førebygging blant born og unge, mellom anna med eit tilpassa fritidstilbod. Kommunestyret ber kommunedirektøren, gjerne i samarbeid med andre, sjå nærare på ulike eksisterande tilbod/ordningar andre stadar. Vi kan i desse inngå samarbeid for å etablere tilbod i vår kommune. Ingen budsjettverknad for 2021.

17. Hareid kommune er ei av få på Sunnmøre som ikkje er medlem i Sunnmøre Friluftsråd (Stikk Ut). Kommunestyret ber om ei utgreiing av saka der finansieringsløyising også blir skissert. Ingen budsjettverknad for 2021.

18. Kommunen opprettar dialog med Hjørungavåg idrettslag om evt bygging av idretts-/fleirbrukshall på Jomsvoll. Kostnadane til ein slik hall skal ikkje belaste drifta til Hareid kommune. Ein føreset at saka kjem opp til behandling i idrettsrådet.

Dette er eit utdrag av den utsende PDF-fila med tabellar som er lagt inn i saka.

19. Hareid kommunestyre bed kommunedirektøren undersøke, og vurdere å trekke Hareid kommune ut av vertkommuneavtalen med Ulstein når det gjeld feiing og tilsyn. Saka kjem tilbake til formannskapet i samband med evaluering av brann-samarbeidet mellom Hareid og Ulstein.

20. Hareid kommune opprettar dialog med Hareid Idrettslag om å sjå på ulike løysingar for turnhall i tilknytning til Hareidhallen. Dette skal ikkje medføre økonomiske konsekvensar for budsjettet for 2021.

21. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å legge fram ei kostnadskalkyle for utgifter og inntekter knytt til kommunen sitt SFO-tilbod i samband med neste års budsjettprosess. Kalkylen må seie noko om korvidt kommunen fyl kravet i opplæringslova paragraf 13-7. Neste års rullering

av gebyrsatsar for SFO må synleggjere kor stor gebyrauken er, og kostnadskalkyla skal vere grunnlaget for neste års (2022) endring i gebyrsatsane for SFO.

22. Sett i lys av den pågåande Covid19-pandemien er det stor sannsynleg heit for at den kommunale ungdomsklubben ikkje kan arrangere månadlege klubbkveldar første halvår 2021. Kommunestyret ber derfor om at midlane som var tiltenkt drift skal brukast til flest mogleg opne kveldar innanfor ramma. Kommunestyret ønsker også at klubbkveldar to gonger pr månaden skal vidareførast i heile 2022 og ber kommunedirektøren inn arbeide midlar til dette i samband med budsjettarbeidet for 2022.

23. Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie ei sak om å redusere den kommunale formueskatten til 0,2 % etter model frå Bø kommune i Vesterålen. Dette for å tiltrekke oss fleire innbyggjarar og dermed økte skatteinntekter.

24. Kommunestyret bed administrasjonen greie ut om eit samprosjekt mellom framtidig idretts- og friluftsbarnehage og turnhall kan vere realiserbart.

Kommunestyret si handsaming

Ordførar Bernt Brandal fremja forslag om å røystes punktvis over gebyrsatsane:

1. Kommunestyret vedtek desse avgiftene, betalingssatsane og gebyra for 2021:

a) Kommunestyret vedtek avgifter, betalingssatsar og gebyr for sektor for læring og kultur slik det går fram av kapittel 1 i det vedlagte gebyrheftet.

b) Kommunestyret vedtek hamneregulativet slik det går fram av kapittel 2.1 i det vedlagte gebyrheftet.

c) Kommunestyret vedtek gebyrregulativet for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk slik det går fram av kapittel 2.2 i det vedlagte gebyrheftet.

d) Kommunestyret vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03, gebyrsatsar for vatn slik det går fram av kapittel 2.3 i det vedlagte gebyrheftet.

e) Kommunestyret vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03 gebyrsatsar for avløp slik det går fram av kapittel 2.4 i det vedlagte gebyrheftet.

f) Kommunestyret vedtek med heimel i § 28 i Lov om brann- og eksplosjonsvern gebyrsatsar for feiing og tilsyn slik det går fram av kapittel 2.5 i det vedlagte gebyrheftet.

g) Kommunestyret vedtek med heimel i matrikkellova (lovens §32, forskriftene §16) gebyrsatsar som opplista i kapittel 2.6 i det vedlagte gebyrheftet (§5.1-§5.10). Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje leggest til meirverdiavgift med unntak av arbeid etter § 5.8.

h) Kommunestyret vedtek satsar for saksbehandling etter plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner slik det går fram av kapittel 2.7 i det vedlagte gebyrheftet.

i) Kommunestyret vedtek gebyrregulativ etter forureiningslova mm slik det går fram av kapittel 2.8 i det vedlagte gebyrheftet.

j) Kommunestyret vedtek at gebyret for å feste grav på Hareid kyrkjegard skal vere 200 kroner årleg.

k) Kommunestyret vedtek betalingssatsane for sektor for velferd slik det går fram av kapittel 3 i det vedlagte gebyrheftet.

Kristian Fuglseth, Folkelista, fremja tilleggsforslag til ordførar sitt gebyrpunkt a:

Musikkorpsa er fritekne frå husleige og gebyr til øvingar sidan desse er ein integrert del av skulekvardagen, oppvekst- og opplæringsstilbodet.

Gebyrsatsar 1.3 Leige for skulebygg 2021:BRANDAL SKULE GYMSELEN, Pris pr gong/time

Frivillege m/innt.gjevande arr: 254 kr

Brandal friskule 254 kr

Næringsliv: 489 kr

Private arr. 1 591 kr

Hege Holstad, Ap, fremja to verbalpunkt til budsjettet:

Hareid kommune opprettar dialog med Hareid Idrettslag om å sjå på ulike løysingar for turnhall i tilknytning til Hareidhallen. Dette skal ikkje medføre økonomiske konsekvensar for budsjettet for 2021.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å legge fram ei kostnadskalkyle for utgifter og inntekter knytt til kommunen sitt SFO-tilbod i samband med neste års budsjettprosess. Kalkylen må seie noko om korvidt kommunen fyl kravet i opplæringslova paragraf 13-7. Neste års rullering av gebyrsatsar for SFO må synleggjere kor stor gebyrauken er, og kostnadskalkyla skal vere grunnlaget for neste års (2022) endring i gebyrsatsane for SFO.

Oskar Grimstad, Frp, fremja verbalforslag til budsjettet:

Kommunestyret vedtek Økonomi- og handlingsprogram 2021 - 2024 slik det ligg føre med saksvedlegg med følgane endringar:

Investering bedhuset utsettes og vurderes etablert i ledige lokale i rådhuset.

Investering til godskai blir kutta.

Sett i lys av den pågåande Covid19-pandemien er det stor sannsynleg heit for at den kommunale ungdomsklubben ikkje kan arrangere månadlege klubbkveldar første halvår 2021. Kommunestyret ber derfor om at midlane som var tiltenkt drift første halvår 2021 blir flytta til siste halvår 2021. Midlane skal brukast til å doble antall klubbkveldar frå ein gong i månaden til to gonger pr månaden. Kommunestyret ønsker også at klubbkveldar to gonger pr månaden skal vidareførast i heile 2022 og ber kommunedirektøren inn arbeide midlar til dette i samband med budsjettarbeidet for 2022. Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie ei sak om å redusere den kommunale formueskatten til 0,2 % etter model frå Bø kommune i Vesterålen. Dette for å tiltrekke oss fleire innbyggjarar og dermed økte skatteinntekter. Kommunestyret tek ikkje stilling til nedlegginger av sjukeheims plasser eller lignande tiltak i Velferdsektoren men forventar at det blir lagt fram ein fullstendig plan for omlegging slik den er presenterte med konsekvens/Ros analyse over tiltaket. Først da blir det teke endelig stilling til eventuelle endringar i sektoren. Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar innanfor sektorane sine rammer etter tilråding frå kommunedirektør. Omdisponeringar mellom sektorane må som før gjerast i Kommunestyret i form av budsjettrevisjon.

Oskar Grimstad trakk forslag om å kutte investeringane til kai og kyrkjelydshus

Berte Holstad Engen, Høgre, fremja forslag om eit oversendingsframlegg til formannskapet:

Kommunestyret bed administrasjonen greie ut om eit samprosjekt mellom framtidig idretts- og friluftsbarnehage og turnhall kan vere realiserbart.

Berte Holstad Engen fremja eit endringsforslag til punkt 9 i formannskapet si innstilling:

Formannskapet skal bli løpande orientert om slike omdisponeringar blir gjort.

Oskar Grimstad justerte verbalpunktet om ungdomsklubb:

Sett i lys av den pågåande Covid19-pandemien er det stor sannsynleg heit for at den kommunale ungdomsklubben ikkje kan arrangere månadlege klubbkveldar første halvår 2021. Kommunestyret ber derfor om at midlane som var tiltenkt drift skal brukast til flest mogleg opne kveldar innanfor ramma. Kommunestyret ønsker også at klubbkveldar to gonger pr månaden skal vidareførast i heile 2022 og ber kommunedirektøren inn arbeide midlar til dette i samband med budsjettarbeidet for 2022.

Kristian Fuglseth trakk fyrste punkt i forslaget til endring av gebyrsatsar.

Oskar Grimstad trakk verbalforslaga om sjukeheimplassar og omdisponeringsmoglegheitene i budsjettet.

Annika Brandal, Venstre, fremja endringsforslag til punkt 16 i formannskapet si innstilling:

Hareid kommune er ei av få på Sunnmøre som ikkje er medlem i Sunnmøre Friluftsråd (Stikk Ut). Kommunestyret ber om ei utgreiing av saka der finansieringsløysing også blir skissert. Ingen budsjettverknad for 2021.

Ragnhild Nedreid, Ap, fremja eit tillegg til formannskapet sitt punkt 17:

Ein føreset at saka kjem opp til behandling i idrettsrådet.

Røysting:

Det blei fyrst røysta over ordførar sitt punkt med gebyrsatsane med tillegg:

Fuglseth sitt endringsforslag blei samrøystes vedteke

Ordførar sitt forslag med endringa frå Fuglseth blei samrøystes vedteke.

Så blei det røysta over verbalforslaga i denne rekkefølga:

Holstad sitt forslag om turnhall: samrøystes

Holstad sitt forslag om SFO-kalkyle: samrøystes

Grimstad sitt forslag om ungdomsklubb: samrøystes

Grimstad sitt forslag om utgreiing av redusert formueskatt: vedteke mot ei røyst (Sæverud, KrF)

Engen sitt oversendingsforslag om friluft/idrettsbarnehage: samrøystes

Så blei det røysta over endring- og tilleggsforslaga i formannskapet si innstilling:

Engen sitt tillegg til punkt 9 (punkt 10 i vedtaket): samrøystes

Nedreid sitt tillegg til punkt 17 (punkt 18 i vedtaket): samrøystes

Brandal si endring til punkt 16 (punkt 17 i vedtaket): samrøystes

Så blei det røysta særskilt over punkt 7 i formannskapet si innstilling (vatn til Nesset): vedteke mot ei røyst (Sæverud, KrF)

Til slutt blei det røysta samla over formannskapet si innstilling med tillegg og endringar som vist ovanfor:

Samrøystes

Formannskapet si innstilling

Innleiing

Kommunedirektøren og leiargruppa har lagt mykje og godt arbeid i å få fram eit budsjett i ballanse utan auke i eigeidoms skatten for 2021. Budsjettet ber preg av innstramming, omstrukturering og lite handlingsrom. Det er likevel mange usikre faktorar knytt til budsjettet og vi er særst sårbar for sjølv små endringar.

På inntektssida er det nytta tal frå «grønt hefte» som mellom anna inneber ein auke på vel 7 mil. i skatteinngang samanlikna med budsjett for 2020. Med dei indikasjonane vi ser hittil, vil skatteinntektene vere over 6 mill. lågare enn budsjettet i 2020. Det betyr at skatteinntektene for Hareid må vere over 13 mill. høgare i 2021 enn i 2020. Det må skje betydelege endringar i arbeidsmarknaden dersom det skal verte ein realitet.

Det er vidare lagt opp til ei innsparing på drifta i 2021 samanlikna med rekneskapa for 2020. Dette er stort sett innsparingar som var vedtekne for 2020, men som ein ikkje har klart å gjennomføre i år. Det er absolutt naudsynt at innsparingane vert realisert i 2021.

Investeringane i budsjettet og handlingsplanen er stort sett basert på allereie fatta vedtak og det er berre 20 mill. i nye tiltak. Dei nye tiltaka er stort sett retta mot vedlikehald, breidbandutbygging og mindre tiltak for auka bulyst.

For framtida må ein fokusere på investeringar som aukar inntektene våre og investeringar som reduserer kostnadane. Samstundes må vi enten vedlikehalde det vi eig eller så må vi selje det.

Endringsforslag i budsjettet for 2021

1. Kommunestyret vedtek Økonomi- og handlingsprogram 2021 - 2024 slik det ligg føre med saksvedlegg med følgande endringar og tillegg.
2. Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar innanfor sektorane sine rammor etter tilråding frå kommunedirektør. Omdisponeringar mellom sektorane må som før gjerast i Kommunestyret i form av budsjettrevisjon.
3. Kommunedirektøren sine forslag til innsparingstiltak må konsekvensutgreiast og risikovurderast. Det må gjennomførast ei konkret berekning av den økonomiske effekten av tiltaka.
4. Det er mange usikre faktorar i det framlagde budsjettet og handlingsplanen. Rammene for driftsbudsjettet må overhaldast i 2021. Dersom inntektssida sviktar/endrar seg, må det gjerast tiltak som justerer drifta i samsvar med desse.
5. Dersom det likevel vert overskridingar i 2021 er konsekvensane svært store. Kommunedirektøren må då legge fram nye tiltak for å halde dei økonomiske rammene. Formannskapet må jamleg haldast oppdatert.
6. kr 25.000 ekstra til Vonheim finansiert med tilsvarande reduksjon på Samfunn.
7. Kr 5 mill. i 2021 og kr 5 mill. i 2022 til vatn og avløp til Nettet. Sjølvkost og ikkje påverknad på drift.
8. Det vert gjennomført ei oppgradering/investering på Bigset skule innanfor ein av vedlikehaldspakkane.
9. Dei vedtekne investeringsrammene er relativt grove berekningar og mindreforbruk på eit

prosjekt kan nyttast til små overskridingar på andre prosjekt. Betydeleg mindreforbruk skal føre til mindre låneopptak.

10. Kommunen engasjerer seg i «Jørgenplassen» på Hjørungavåg når formalitetane er på plass. Ingen budsjettverknad i 2021.
11. Forhandling om grunnkjøp og evt seinare regulering ved skulen på Hjørungavåg. Ingen budsjettverknad for 2021.
12. Kommunen har kjøpt grunn på Plassane i Hareid. Forhandlar om vidare grunnkjøp. Ingen budsjettverknad for 2021.
13. Kommunen vurderer kva ein kan få til av tomter på Bigset. Ingen budsjettverknad for 2021.
14. Kommunen vurderer kva ein kan få til av tomter på Brandal. Ingen budsjettverknad for 2021.
15. Vi vil styrke arbeidet vårt knytt til førebygging blant born og unge, mellom anna med eit tilpassa fritidstilbod. Kommunestyret ber kommunedirektøren, gjerne i samarbeid med andre, sjå nærare på ulike eksisterande tilbod/ordningar andre stadar. Vi kan i desse inngå samarbeid for å etablere tilbod i vår kommune. Ingen budsjettverknad for 2021.
16. Hareid kommune er ei av få på Sunnmøre som ikkje er medlem i Sunnmøre Friluftsråd (Stikk Ut). Kommunestyret ber kommunedirektøren sjå nærare på om ein kan få til eit samarbeid med andre aktørar for eit spleiselag for å få på plass finansieringa av eit medlemsskap i Sunnmøre friluftsråd frå 2022. Ingen budsjettverknad for 2021.
17. Kommunen opprettar dialog med Hjørungavåg idrettslag om evt bygging av idretts-/ fleirbrukshall på Jomsvoll. Kostnadane til ein slik hall skal ikkje belaste drifta til Hareid kommune.

Dette er eit utdrag av den utsende PDF-fila med tabellar som er lagt inn i saka. (sjå bakerst i dette heftet)

18. Hareid kommunestyre bed kommunedirektøren undersøke, og vurdere å trekke Hareid kommune ut av vertkommuneavtalen med Ulstein når det gjeld feiing og tilsyn. Saka kjem tilbake til formannskapet i samband med evaluering av brann-samarbeidet mellom Hareid og Ulstein.

Formannskapet si handsaming

Ranja Dimmen Alme, Folkelista, fremma forslag om å ta tilbake feiing og -tilsyn frå vertskommunesamarbeidet med Ulstein:

Posten vert stroken. Gebyret vert innført på nytt dersom feiing og tilsyn startar opp att.

Hareid kommunestyre bed kommunedirektøren trekke Hareid kommune ut av vertkommuneavtalen med Ulstein når det gjeld feiing og tilsyn. Innbetalt gebyr siste to år vert ført tilbake til Hareid kommune. Kommunedirektøren hentar inn nye tilbod på feiing og tilsyn og innfører lokal feiing og tilsyn som før vertskommuneavtalen vart inngått. Tilbakeført gebyr vert nytta til kostnader ved oppretting av nytt tilbod, samt til eit fråtrekk i nytt gebyr etter oppstart til ein er tilbake i normal drift.

Det blei pause i saka kl 1530 slik at formannskapet rakk å gjennomføre ei synfaring på helsehuset.

Møtet starta opp igjen kl 1630.

Ranja Dimmen Alme trakk sitt opphavslege forslag og fremmja eit nytt:

Hareid kommunestyre bed kommunedirektøren undersøke, og vurdere å trekke Hareid kommune

ut av vertkommuneavtalen med Ulstein når det gjeld feiing og tilsyn. Saka kjem tilbake til formannskapet i samband med evaluering av brann-samarbeidet mellom Hareid og Ulstein.

Ordførar Bernt Brandal fremmja eit fellesforslag:

Innleiing

Kommunedirektøren og leiargruppa har lagt mykje og godt arbeid i å få fram eit budsjett i ballanse utan auke i eigedomsskatten for 2021. Budsjettet ber preg av innstramming, omstrukturering og lite handlingsrom. Det er likevel mange usikre faktorar knytt til budsjettet og vi er særst sårbare for sjølv små endringar.

På inntektssida er det nytta tal frå «grønt hefte» som mellom anna inneber ein auke på vel 7 mil. i skatteinngang samanlikna med budsjett for 2020. Med dei indikasjonane vi ser hittil, vil skatteinntektene vere over 6 mill. lågare enn budsjettet i 2020. Det betyr at skatteinntektene for Hareid må vere over 13 mill. høgare i 2021 enn i 2020. Det må skje betydelege endringar i arbeidsmarknaden dersom det skal verte ein realitet.

Det er vidare lagt opp til ei innsparing på drifta i 2021 samanlikna med rekneskapa for 2020. Dette er stort sett innsparingar som var vedtekne for 2020, men som ein ikkje har klart å gjennomføre i år. Det er absolutt naudsynt at innsparingane vert realisert i 2021.

Investeringane i budsjettet og handlingsplanen er stort sett basert på allereie fatta vedtak og det er berre 20 mill. i nye tiltak. Dei nye tiltaka er stort sett retta mot vedlikehald, breidbandutbygging og mindre tiltak for auka bulyst.

For framtida må ein fokusere på investeringar som aukar inntektene våre og investeringar som reduserer kostnadane. Samstundes må vi enten vedlikehalde det vi eig eller så må vi selje det.

Endringsforslag i budsjettet for 2021

1. Kommunestyret vedtek Økonomi- og handlingsprogram 2021 - 2024 slik det ligg føre med saksvedlegg med følgande endringar og tillegg.
2. Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar innanfor sektorane sine rammor etter tilråding frå kommunedirektør. Omdisponeringar mellom sektorane må som før gjerast i Kommunestyret i form av budsjettrevisjon.
3. Kommunedirektøren sine forslag til innsparingstiltak må konsekvensutgreiast og risikovurderast. Det må gjennomførast ei konkret berekning av den økonomiske effekten av tiltaka.
4. Det er mange usikre faktorar i det framlagde budsjettet og handlingsplanen. Rammene for driftsbudsjettet må overhaldast i 2021. Dersom inntektssida sviktar/endrar seg, må det gjerast tiltak som justerer drifta i samsvar med desse.
5. Dersom det likevel vert overskridingar i 2021 er konsekvensane svært store. Kommunedirektøren må då legge fram nye tiltak for å halde dei økonomiske rammene. Formannskapet må jamleg haldast oppdatert.
6. kr 25.000 ekstra til Vonheim finansiert med tilsvarande reduksjon på Samfunn.
7. Kr 5 mill. i 2021 og kr 5 mill. i 2022 til vatn og avløp til Nettet. Sjølvkost og ikkje påverknad på drift.
8. Det vert gjennomført ei oppgradering/investering på Bigset skule innanfor ein av vedlikehaldspakkane.
9. Dei vedtekne investeringsrammene er relativt grove berekningar og mindreforbruk på eit prosjekt kan nyttast til små overskridingar på andre prosjekt. Betydeleg mindreforbruk skal føre til mindre låneopptak.

10. Kommunen engasjerer seg i «Jørgenplassen» på Hjørungavåg når formalitetane er på plass. Ingen budsjettverknad i 2021.

11. Forhandling om grunnkjøp og evt seinare regulerering ved skulen på Hjørungavåg. Ingen budsjettverknad for 2021.

12. Kommunen har kjøpt grunn på Plassane i Hareid. Forhandlar om vidare grunnkjøp. Ingen budsjettverknad for 2021.

13. Kommunen vurderer kva ein kan få til av tomter på Bigset. Ingen budsjettverknad for 2021

14. Kommunen vurderer kva ein kan få til av tomter på Brandal. Ingen budsjettverknad for 2021.

15. Vi vil styrke arbeidet vårt knytt til førebygging blant born og unge, mellom anna med eit tilpassa fritidstilbod. Kommunestyret ber kommunedirektøren, gjerne i samarbeid med andre, sjå nærare på ulike eksisterande tilbod/ordningar andre stadar. Vi kan i desse inngå samarbeid for å etablere tilbod i vår kommune. Ingen budsjettverknad for 2021.

16. Hareid kommune er ei av få på Sunnmøre som ikkje er medlem i Sunnmøre Friluftsråd (Stikk Ut). Kommunestyret ber kommunedirektøren sjå nærare på om ein kan få til eit samarbeid med andre aktørar for eit spleiselag for å få på plass finansieringa av eit medlemskap i Sunnmøre friluftsråd frå 2022. Ingen budsjettverknad for 2021.

17. Kommunen opprettar dialog med Hjørungavåg idrettslag om evt bygging av idretts-/ fleirbrukshall på Jomsvoll. Kostnadane til ein slik hall skal ikkje belaste drifta til Hareid kommune.

Dette er eit utdrag av den utsende PDF-fila med tabellar som skal følge saka.

Røysting:

Det blei fyrst røysta over oversendingsforslaget frå Dimmen Alme. Det blei samrøystes vedteke.

Det blei så røysta alternativt over kommunedirektøren sitt budsjettframlegg opp mot fellesframlegget. Fellesframlegget blei samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek Økonomi- og handlingsprogram 2021 - 2024 slik det ligg føre med saksvedlegg.

Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar innanfor sektorane sine rammer etter tilråding frå kommunedirektør. Omdisponeringar mellom sektorane må som før gjerast i Kommunestyret i form av budsjettrevisjon.

Kommunedirektøren sitt saksframlegg

Samandrag:

Kommunedirektøren legg fram budsjett- og økonomiplan for dei neste fire åra. Dette er år som Hareid kommune må bruke til å effektivisere drifta, samstundes som ein sørger for å legge grunnlaget for bygge morgondagens kommune.

Saksopplysningar:

Arbeidet med budsjettet og økonomiplanen for 2021-2024 har vore svært krevjande. Budsjettet for handlingsprogramperioden vert lagt i ei tid med svært stor usikkerheit i høve kva som vil kome og konsekvensane av det som har skjedd det siste året. Covid19-pandemien har ikkje råka oss som lokalsamfunn hardt i form av mange smitta, men tiltaka som er gjort for å hindre smitte og for å bu oss på ein eventuell smittetopp har vore krevjande. Vi veit enda ikkje den totale økonomiske konsekvensen for 2020 av disse tiltaka. I tillegg veit vi ikkje konsekvensen pandemien vil ha for skatteinngangen i 2020, utover at vi ser ein markant nedgang so langt i løpet av hausten.

Det har vorte jobba godt i sektorane og sentraladministrasjonen for å rydde i budsjetta for å gjere dei meir realistiske, men utan at det har vore rom for å auke rammene. I tillegg har Sentraladministrasjonen og sektorane for Velferd og Læring og kultur tatt inn sin del av innsparingane som vart pålagt i førre Handlingsprogram for 2020. Etter den planen skulle drifta ned med ytterlegare 6 millionar i 2021, men slik situasjonen er no vert det ikkje vurdert som ansvarleg på pålegge ytterlegare kutt for komande budsjettperiode. Ein må heller jobbe langsiktig med omstilling og tiltak for å auke inntektene.

Kommunedirektøren si leiargruppe har jobba godt og brukt mykje tid på å sy i hop eit budsjett i balanse. Det er funne rom for svært få driftstiltak i budsjettet for 2021. Dei tiltaka som er prioritert er i all hovudsak tiltak der det alt er inngått bindande avtale eller som utan store kostnader vil bidra til å auke bulyst, bidra til lokal utvikling og betre omdømme. Når det gjeld investeringar er det i all hovudsak berre prioritert å ta inn tiltak som alt er politisk vedtekne. I tillegg har ein klart å finne rom for nokre naudsynte oppgraderingar av bygningsmassen og sikring av verdiar, samt til førebuing av nokre prosjekt som kan medføre vidare utvikling av lokalsamfunnet og auke både sysselsetting og bulyst. Døme på slike prosjekt er innovasjonssenteret, fleire omsorgsbustadar og ny barnehage. Det er også lagt inn nokre disponible midlar for å kunne handtere uforutsette hendingar og for å kunne avslutte pågåande prosjekt. Det kan vere bygnadsmessige forhold eller utstyr som står i fare for å måtte skiftast ut, særleg innan sektor for Velferd og som det er viktig å kunne erstatte ut frå eit helse-, miljø- og tryggleiksperspektiv.

Det er også lagt inn forslag til ei større omstilling i sektor for Velferd. Dette er omheimling av 16 sjukeheimsplassar til bukollektiv med heildøgns omsorg og nedlegging av 8 sjukeheimsplassar. Disse tiltaka må utgreiast ytterlegare i samspel med innbyggjarane, brukarane, dei tilsette og politikarar, og resultatet vil verte fremma i eiga politisk sak over nyttår. Ein rapport om kartlegging

og framskriving av boligtrappa i Hareid kommune er under utarbeiding av Agenda Kaupang og vil verte gjort offentleg kjent so snart den ligg føre. Til tross for disse omstillingstiltaka er budsjetttrammen for sektoren likevel ikkje redusert i 2021 i høve 2020.

Vurdering og konklusjon:

Det er i budsjettarbeidet vorte meldt inn ei lang rekkje med drifts- og investeringstiltak som ein ikkje har finne rom for i budsjettet for 2021. Driftsbudsjetta for sektorane og for sentraladministrasjonen er svært stramme og det vil krevje fortsatt stort fokus og arbeid med omstilling i alle delar av organisasjonen for å klare å kome ned på eit berekraftig driftsnivå.

Vi står i ei reell fare for at disposisjonsfondet må brukast for å dekke overforbruk i 2020, og det er fortsatt usikkert om overforbruket også vil overstige det vi har på fond. Dersom det skulle skje må enten ytterlegare kutt gjerast i drifta i løpet av 2021 eller ein må auke eigedomsskatten, noko som er svært lite ønskeleg i den situasjonen vi no er i.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ein må søke å unngå dette, men endring skaper ofte usikkerheit

Miljøkonsekvensar: ingen kjende


Økonomiske konsekvensar: omtalt i vedlegga

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Kariann Bigseth

konstituert kommunedirektør



Gebysatsar 2021